


Informasjon om kantineordninga

Endringar etter innspel frå elevrådet:

Ferskt brød: Elevane ønskjer seg ferskt brød, ikkje frå frys slik vi no får. Vi satsar på at dette vert betre med ny leverandør, Bunnpris og Martens/Bakers etter haustferien.

Varm mat: Det vert varm mat ein gong i månaden etter haustferien.

Kornblanding: Det prøver oss med kornblanding ein gong i veka etter haustferien.



Elevar og vaksne et sunn og god mat saman kvar dag. Vi på skulen ser tydeleg fordelar med felles skulemat.

Vi på skulen ser tydeleg fordelane med felles skulemat:

- Ingen svoltne ungar utover dagen.
- Det vert servert sunn mat.
- Ingen telefonar frå frustrerte foreldre som finn mygla matpakkar i sekken når den vert rydda.
- Sosialt fellesskap. Vi pratar og har det triveleg i lag når vi et. Vaksne er spreidd rundt på elevborda.
- Alle et av same mat. Ingen hjerter blør fordi ein heim vartar opp med noko meir enn det eg kan få.
- Elevane må læra seg bordskikk, utan vert det ikkje triveleg for alle.
- Elevane er blitt flinke til rydding/vasking av bord, og golv i kantina, (går på omgang mellom elevane).

Fleire av punkta over samsvarar med måla i faget **Mat og helse** i **Kunnskapsløftet**. Vi nyttar difor delar av tida i dette faget i kantinetida. Det betyr at kantinetida ikkje er friminutt, med delvis undervisningstid.

Måltidet består dagleg av: brødmat, knekkebrød, smør, kvitost, brunost, diverse tubeostar, fleire typar skinke, fårepølse, salami, savelat, leverpostei, makrell i tomat, tomatsild, sursild, kaviar, tomat, paprika, agurk og drikke, melk eller vatn. I tillegg får elevane frukt.

Ein del av elevane har **matintoleranse**, eller **sjukdommar** som gjer at dei må ete spesiell mat. Dette tek vi omsyn til så langt vi kan. Om vi ikkje får det til, er det sjølv sagt grunn til fritak.

Vi satsar på sunn og god mat. Sukkermengda vert høg for dei som et berre et brunost. Vi snakkar med elevane om dette.

Siste dag før haustferie, juleferie, vinterferie, påskeferie og sommarferie har vi festmåltid i kantina med ekstra god mat, kakao, eggerøre, egg, laks for å nemna noko.

Vi på skulen ønskjer ordninga fordi vi meiner den er god for elevane. Sjølv om det er krevjande både organisatorisk og ressursmessig, meiner vi den er verdt det.

- Skulen sitt hovudfokus er læring. Læringa vert betre med mat i magen og stabilt blodsukker.
- At alle får tilbod om same mat og et rundt same bord er både konfliktdepande og positivt sosialt.

Betaling:

- SU har sett prisen til 12kr pr dag pr elev for skulemåltidet fordelt på fire faktura pr skuleår.
- Det er 188 skuledagar med servering. Det betyr 2256kr pr år. Kvar faktura vil lyda på 564kr.
- For dei tilsette vert betalinga av mat fordelt på lønsutbetalingane.
- Det vert gjort fråtrekk for faste fridagar etter timeplanen, og faste timeplanlagte aktivitetar der tilsette og elevar ikkje er på skulen. Døme: Elevar som har fast utedag, får frådrag for dei utedagane dei har. Desse dagane må dei ha med niste.

Faktura vert sendt ut med forfall i oktober, desember, mars og mai.

Foreldre må gjerne ta ein tur på besøk i kantinetida, 10:15-10:45, for å sjå korleis dette fungerer.

Kantineordninga er frivillig.

Skulen og SU er kjend med at i prinsippet skal skulen vera gratis, difor kan heimane reservera seg. Bruk lappen under dersom de ikkje ønskjer å vera med på matordninga.

Dei som melder seg ut:

- Frukt og mjølk er ein del av kantineprisen. Dei som melder seg ut, melder seg ut av det og.
- Festmåltid i samband med feriar og høgtider er finansiert av kantinebetalinga.
- Vi ønskjer ikkje saft på skulen. Elevane kan få mjølk mot betaling. Ta kontakt om det er ønskjeleg.

Sæbø skule 28.09.2015

Rolf Sandstad

Rektor

Dersom du ikkje vil betala kostnaden med skulemåltid, ber vi deg om å returnera utfylt skjema til skulen seinast 2.oktober!

Eg/vi <u>ønskjer ikkje</u> å betala for skulemåltid for _____	
_____	_____
Stad - Dato	Underskrift føresett